



Hordaland Fylkeskommune
Agnes Mowinkels gate 5
Postboks 7900
5020 BERGEN

Dykkar ref.:

Vår ref.: 2016001464-5/2017002013 Arkiv: N - 259 Dato: 06.02.2017

FYLKESLØYVING 2017

Vi viser til motteke tilsagn om driftsstønad 2017. I vår søknad vart det vist til arbeidet med Fartein Valen i Sveio, Fartein Valen-festivalen og drifta av Valenheimen. Samla tilskot er 311.000 kr.

I samtale med Ronny Skaar vart han informert om at Fartein Valen-festivalen ikkje går av stabelen heilt som vanleg. Vi har i år gjort nokre endringar, mellom anna vert det arrangert fleire satellittkonsertar i 2017 enn året før. Målsetjinga med dette er å styrka desse tiltaka kvar for seg slik at både festival og satellittkonsertar vert meir synlege. Vi ynskjer og å marknadsføra tilbod om kunstnaropphald i Valenheimen kombinert med arbeid i arbeidsstudio og opptaksrom i Valestrand kulturkyrkje.

Fartein Valen-festivalen vert omgjort til biennale som skal alternera med satellittkonsertane. Dette året har vi lagt opp til satellittkonsertar i mars-april og september-november. Konsertane i mars-april vert alle i Sveio. Vi ynskjer på denne måten å styrkje konsertane her i kommunen. Under festivalen har det dei siste åra vore ei fagsamling arrangert av Musikkarvprosjektet ved Universitetet i Oslo. Denne faglige samlinga i Valenheimen ynskjer vi å utvikla vidare. Vi ynskjer at den skal vera ein møttestad for forskarar og musikarar som arbeider med Valens musikk. Dette er det siste året i Musikkarvprosjektet, og vi må dermed vende oss til andre samarbeidspartnarar i fortsetjinga. Det har vore innleiande samtalar om dette med Grieg-senteret i Bergen. Eit planlagt Valen-prosjekt er at fiolinist og musikkvitar Tor Johan Bøen arbeider med ei kammergruppe som skal innstudera Valen sine symfonier, klaverkonsert og orkesterverk i kammerbesetning. Andre komponistar sin musikk skal og inn i prosjektet. Det er planlagt at musikarar frå Wien kammersymphonie, Oslo kammerakademie og musikarar her i landet skal arbeide saman om dette prosjektet i Valevåg.

Vi vil sende søknad om fylkestilskot for 2018 innan fristen 1.april. Rapport 2016 vert sendt innan 1.mai. Vi ynskjer med dette å orientere Hordaland fylke om desse endringane, som vi meiner er innafor vurderingane for tilskot 2017. Vonar at fylket er samd med oss i dette.

Vedlagt er plan for bruk av Fylkesløyving 2017. Vi ynskjer å nytte den delen av fylkesløyvinga som vert vidaresendt til Fartein Valen-festivalen til å styrka det samla Valen-arbeidet. Følgjande arrangement er planlagt. Vi søkjer om å få nytta den delen av fylkesløyvinga (150.000 kr) som skulle nyttast i festivalen til å finansiera følgjande konsertar:

1. Kristin Asbjørnsen, Olav Torget og Ablaye Cissoko "Traces of you" (Valestrand kkrk)
2. "Sigvart Dagsland laiv med Vertavokvartetten og Torjus Vierli". Arr. Jarle Storløykken (Valestrand kkrk)
3. Konsert med Vertavokvartetten (Valestrand kkrk)
4. Pianisten Joachim Kwetzinsky med på festivalsamling i Valenheimen
5. Konsert i Valestrand kulturkyrkje med pianisten Joachim Kwetzinsky
6. Folkefest i Sveio sentrum
7. Gudsteneste Valestrand kyrkje og kyrjekaffi i Valenheimen. Finansiering av utøvar.

	Utgiftar	Inntektar
Honorar	120000	
Marknadsføring	50000	
Lys/lyd/andre	30000	
Leige lokale	8000	
Reise	30000	
Opphald og diett	14000	
Produsentar	15000	
Arrangørstøtte NKR		70000
Andre tilskot		30000
Hordaland fylkeskommune		150000
		250000
Sveio kommune		17000
SUM	267000	267000

Hausten 2017 er og sett av til satellittkonsertar, mellom anna konsert med Wien Kammersymphonie, Oslo kammerkademi og norske musikarar som saman vil innstudera Valens symfoniar i kammerbesetning. Kunstnarleg leiar er fiolinisten Tor Johan Bøen. Konsertene dei skal halde, skal vera i form av ein turne med start i Valestrand kulturkyrkje. Keramikkunstnaren Karoline Emmerhoff har utvikla eit prosjekt ho kallar "Krukkesang". Ho ynskjer å kombinera sin kunst med musikk. Med seg har ho cellisten Ellen-Martine Gismervik og mezzosopranen Sunniva Eliassen. Dette prosjektet er og planlagt å ha ei framføring i Stord kyrkje. Pianisten Annabel Guaita har eit prosjekt saman med Sigurd Sandmo ved KODE, dessutan har ho og foreslått ein konsert saman med fiolinstudenten Brage Sæbø. Konsertane vert ein del av satellittkonsertane. Vi ynskjer oss også ein konsert med Gjertrud Økland sitt sigøynerorkester. Denne konserten er også planlagt i Stord kyrkje som del av KyrkjeLyd-festivalen der. Den delen av Hordaland fylke si løyving som då står att vert nytta til delfinansiering av dette. I tillegg har vi søkt Norsk kulturråd om arrangørstøtte 2017. Resten av Hordaland fylkeskommune sitt tilskot vert fordelt slik: 81.000 til leige og bruksavtale Valenheimen og 80.000 til satellittkonsertar. Vi er avhengig av leige og bruksavtale med Valenheimen i samband med overnatting forskarar og kunstnarar.

Det er ynskjeleg å leggja til rette for fleire kunstnaropphald i Valenheimen kombinert med konsertar i Valestrand kulturkyrkje. Vi har starta ei kartlegging av kven som kan tenkjast å nytta eit slikt tilbod. Arbeidsstudioet i Valestrand kulturkyrkje er finansiert av midlar frå Norsk kulturråd. Denne investeringa vil koma musikarar til nytte som ynskjer å nytte kyrkjerommet i samband med øvingsopphald og konsertar.

Drifta i Valenarbeidet er slik det går fram av søknaden knytt til festival, satelittkonsertar, drift Valenheimen og tilrettelegging av arbeidsopphald for kunstnarar. Vår målsetjing no er å fornya arbeidet både økonomisk og organisatorisk. Å la festivalen alternere med satelittkonsertar er del i dette arbeidet. Vi ser og for oss at det skal vera konsertar i Haugesund, Sveio og Stord i den oppsette planen.

Med helsing

Ole Jørgen Furdal
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ikkje underskrift.